



REGIONRÅDET
VEST

Vår ref.
16/776-9/FE - 035, TI - &17//INGLIT

Dato:
02.03.2017

Referat frå styremøtet i Regionrådet Vest 20.02.2017

Stad:	Rådhuset i Øygarden
Dato:	20.02.2017
Tid:	13-15.30
Desse møtte:	Børge Haugetun (møteleiar), Marianne Sandahl Bjørøy, Kari- Anne Landro, Siri Fahlvik Pettersen, Steinar Nesse Informasjonsrådgjevar Vigleik Brekke og Inger Elin Litlere (møtesekretær).
Forfall:	Rune Lid

Nr	Sak	Konklusjonar/ansvar oppfølging
01/17	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	I referatet står det at førre møtet vart halden i Øygarden. Rett sted var Sund Rådhus. Innkalling og referat vart godkjent.
02/17	Referatsakar	<p><u>Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)</u> tilbyr regionråd og andre intekommunale selskap der minst ein av medlemskommunane er betalande medlem, gratis medlemskap i LNK.</p> <p>Konklusjon: Regionrådet såg ikkje behov for eit ekstra medlemskap i LNK, då alle dei tre kommunane i regionrådet er medlemar. Styret meiner at det er tilstrekkeleg for å sikra god nynorskbruk i regionen. Det kom fram innspel på om ein skal søke om å få språkrådet til den nye storkommunen.</p> <p><u>Regional areal og transportplan for bergensområdet/Regional transportplan for Hordaland</u> Marianne Bjørøy sit i arbeidsutval i desse planane, og informerte litt om prosess fram til no. Planane er ute på høyring i perioden 20.februar til 1.april 2017. Formålet med planen er å utvikla eit utbyggingsmøstner som legg til rette for vekst i bustader og næringsareal innanfor berekraftige rammer knytt til kollektivtransport og effektiv vegtransport. Det er ikkje alle som vil bu tett, og det er noko som må takast med i planarbeidet. Regionrådet er oppteken av at planen ikkje må kome i strid med det som går klart fram av intensjonsavtalen for ny kommune i regionen, der det står at det skal arbeidast for å «vidareføre ein desentralisert busetnad for levande bygder». Ein må ta hensyn til både utviklingssentrum og berekraftige miljø i grendene.</p> <p>Konklusjon: Ordførar i Fjell, Marianne S. Bjørøy, tek kontakt med Askøy, Lindås og Os kommunar i tillegg til samanslåingskommunane i vest og Nordhordland,</p>

		<p>med siktemål om å utarbeide forslag til felles høyringsmerknad/uttale som også tek vare på kommunane Fjell, Sund og Øygarden sine synspunkt på dette.</p> <p>Saka skal opp i kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden, og det kan være aktuelt å innarbeide desse synspunkta i saksutgreinga i den enkelte kommune, når det skal gjevast uttale til planen.</p>
03/17	Skjønsmidler 2017	<p>Regionrådet hadde 8 søknader om skjønsmidler som dei skulle prioritere og gje innspel på til Fylkesmannen.</p> <p>Fylkesmannen skal totalt fordele 32,4 millioner kroner til prosjekt og generell fordeling.</p> <p>Regionrådet var samd om at det var kommet inn mange gode søknadar, og at det var mykje som er nyttig arbeid også fram mot ny kommune.</p> <p>Regionrådet var og samd om at dei prioriterar først søknadar som gjeld alle dei tre kommunane. Dei søknadane som kun gjaldt ein kommune vart prioritert sist.</p> <p>Ein av søknadane som var kommet inn i år gjeld berre Fjell kommune. Det er eit prosjekt som fekk midlar i 2016 – som søkar om vidareføring også i 2017.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Regionrådet la vekt på kva politiske føringar, kva som ligg til grunn i intensjonsavtalen for ny kommune og Fylkesmannens føringar når dei gjorde sine prioriteringar.</p> <p>To av søknadene- velferdsteknologi og Vest Ekstra er vidareføringar av prosjekt som starta i 2016. Regionrådet har følgd opp disse to prosjekta og har eit ønskje om å framleis prioritere desse søknadene. Velferdsteknologi og Vest Ekstra er forskningsbasert og framtidsretta mot tenestene, og dei er i tråd med nasjonale føringar for utvikling av helse og omsorgstenester. Systematisk arbeid over tid er naudsynt for å lukkast med implementering av trygge teknologiske løysingar for brukarar og tenestene, og det er ei langsiktig satsing.</p> <p>Vest Ekstra ser på korleis kommunane og dei frivillige kan samhandle om frivillig innsats knytt til helse- og omsorgstenestene. Det er via prosjektmidlar at kommunane kan prøve ut nye ting, og særskilt no fram mot kommunesamanslåing.</p> <p>Dei andre prosjekta er nye. EinID går på Ikt som det tidlegare er søkt midlar til, men som fekk avslag. Kartlegging, effektivisering og digitalisering av arkiv fekk oppstartsmidlar frå Fylkesmannen i 2016. Begge desse områda er store og omfattande prosjekt som i samsvar med kommunereforma er viktig å komme i gang med tidleg. Det er vanskeleg å prioritere mellom desse, då regionrådet meiner dei er like viktige for arbeidet fram mot ny kommune.</p> <p>Når ny kommune er klar i 2020 ligg det føre at det skal vere klar ein ny beredskapsplan. Felles kommuneROS vil bidra monnaleg inn i dette arbeidet.</p> <p>Regionrådet prioritererte innanfor dei ulike områda som Fylkesmannen har signalisert vert prioritert:</p> <p><i>Punkt 1. Lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsretta og gode omsorgstenester jmf. Omsorg 2020.</i></p>

Prioritering	Namn på Prosjektet	Deltakarkommunar
1	Velferdsteknologi, Vidareføring av prosjektet frå 2016	Fjell, Sund og Øygarden
2	Vest Ekstra- vidareføring av prosjektet frå 2016	Fjell, Sund og Øygarden

Punkt 2: Samfunnstryggleik og beredskap

Prioritering	Namn på prosjektet	Deltakarkommunar
1	KommuneROS	Sund, Fjell og Øygarden

Punkt 3: Interkommunale samarbeidsprosjekt som kan førebu framtidig kommunesamanslåing, t.d. innan plan- og byggesak, helse og barnevern.

Prioritering	Namn på prosjektet	Deltakarkommunar
1	Kartlegging, effektivisering og digitalisering av arkiv	Fjell, Sund og Øygarden
2	EinID- Ein identitet- til alt	Fjell, Sund og Øygarden
3	Barneverns samarbeid	Fjell, Sund
4	eCultura –be the future	Fjell, Sund, Øygarden og Bergen

Søknadar som Fylkesmannen ikkje har haldne av eigne midlar til å søkje på i 2017, men som er ei vidareføring av igangsette prosjekt:

Integrering av flyktningar gjennom arbeid- vidareføring av eit prosjekt i Fjell	Fjell kommune.
---	----------------

04/17	Bruk av Regionrådet Vest	<p>Denne saka vart teken opp at frå førre møte, då det vart knapt med tid til diskusjonar om vidare bruk av Regionrådet. Styret diskuterte korleis regionrådet skal brukast i åra som kjem. Treng ein fleire møtepunkt utanom førebuande fellesnemd i desse tider? Regionrådet vart etablert i 2010 og det har vore ulik bruk av regionrådet. Dei siste åra har regionrådet hatt eit noko mindra arbeidsomfang enn i starten. Regionrådet har ei rolle i å prioritere søknadar om skjønsmidlar frå kommunane Fjell, Sund og Øygarden før Fylkesmannen tek ei endeleg avgjerd. Regionrådet vert og ovanfor styresmaktenene inviterer til arbeidsgrupper som høyrings instans og liknande, og difor er det viktig at regionrådet vert oppretthald i sin noverandre form fram mot kommunereforma. Det er også eit fora der andre aktørar lett kan nå alle dei tre kommunane med informasjon.</p> <p>Konklusjon: Regionrådet har ei viktig rolle for dei tre kommunane i regionen. Det er behov for eit organ som dette uavhengig av førebuande fellesnemd (kommunereforma). Ein ser for seg litt færre møter – og styret legg opp til 4 styremøter i året.</p>
05/17	Oppfølging av veteraner	<p>Det har vore eit fellesmøte kring oppfølging av veteraner. Kommunane har ansvar for veteranane. Styret i regionrådet diskuterte korleis kommunane kan sikre at veteraner får det tilbodet som dei har krav på. Kommunen har ansvar for at veteranar skal kunne finne informasjon om dei tilboda/aktivitetane som finnast til veteranar. Det er ikkje eit krav om at dette skjer i den kommunen veteranane tilhøyrer. I vår region er det ca 250 veteranar.</p>

		<p>Bergen kommune har laga ein veteranplan. Det er ønskeleg at det er ein kontakt person – enten ein frå kvar kommune, eller ein felles for våre 3 kommunar som kan delta i samarbeidsgruppe med blant anna Bergen kommune.</p> <p>Konklusjon: Styret ønskjer å samarbeide med Bergen kommune om oppfølging av veteranane og å gje dei den anerkjenninga dei fortener. Ordførar i Fjell, Marianne S. Bjørøy vil arbeide for å få på plass ein felles kontaktperson for våre tre kommunar i arbeidet retta mot veteranane.</p>
06/17	Møteplan	<p>Møteplanen vart justert. Møtet i april går ut. Neste møte vert 29.mai i Fjell Rådhus.</p>
07/17	Ymse	<p><u>Oppfølging beredskap knytt til Sotrasambandet</u> Styret drøfta beredskapen knytt til Sotrasambandet.</p> <p>Konklusjon: Styret ber beredskapsleiaren i Fjell kommune om å kalle inn til eit møte der dette vert tema.</p> <p><u>Rydding av plast i strandsonen</u> Det vart drøfta kva rolle kommunane skal ta når det gjeld dei pågåande aksjonane for å samle inn boss (særleg plast) i strandsona. Miljødirektoratet har midlar ein kan søkje på- og vil i løpet av mars behandle søknadar som støtte til slik innsamling.</p> <p>Konklusjon: Styret ønskjer å støtte opp om lokale søknadar, og Sund kommune tek på seg ansvar for å utarbeide eit utkast til felles uttale.</p> <p>Møbelringen Cup i handball Norges Handballforbund ønsker eit møte med bl.an regionrådet for å diskutere/førebu Møbelringen Cup, som blant anna skal spelast i Sotra Arena.</p> <p>Konklusjon: Grethe Bergsvik i Fjell kommune sender ut forslag om dato før møte.</p>

Med helsing
Inger Elin Skårdal Hetlevik

Inger Litlere Hetlevik
sekreteriat regionråd vest

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Kopi:
Beate Hetlevik
Børge Haugetun
Grethe Bergsvik
oddlaug.hansen@sund.ko
mmune.no
Vigleik Brekke